



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/2287-50

25.04.2017

Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39

I samband med utarbeiding av statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet motteke brev frå ordføraren i Kvinnherad kommune. I brevet ber ordføraren om at departementet tek i bruk statleg plan for å regulere inn ny tilkopling for Kvinnherad til ny E39. Dette vil slik vi har forstått saka, innebere regulering av eit nytt ferjeleie nord for Leirvik sentrum i Stord kommune. Vi har også forstått at dette er ei løysing som Stord kommune ikkje ynskjer.

Kvinnherad si tilkopling til E39 har vore gjenstand for merksemd i planarbeidet. Departementet har enno ikkje motteke endeleg planforslag frå Statens vegvesen, men er kjent med at fleire høyringsinnspel skal ha omhandla Kvinnherads ferjesituasjon.

Spesielt for denne saka er at omlegginga av ferjeleiet i Stord opphavleg var meint å vere mellombels, men no har vart i over ti år. I løpet av denne tida har også ansvaret for tiltak på strekninga blitt overført frå staten til fylkeskommunen.

Ettersom tiltak på ferjestrekninga no ligg under fylkeskommunens ansvarsområde, er det viktig for departementet å kjenne til fylkeskommunens vurderingar, for å kunne vurdere initiativet frå Kvinnherad kommune på ein god måte. Departementet ber difor om fylkeskommunens vurdering av denne saka, samt syn på behov for å nytte statleg plan for å finne ei løysning.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Planavdelinga

Saksbehandlar
Kristian Hole Fløtre
22 24 68 56

Vedlagt følger kopi av brevet frå ordføraren i Stord kommune og vårt svarbrev.

Med helsing

Erik Vieth Pedersen (e.f.)
avdelingsdirektør

Kristian Hole Fløtre
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Kvinnherad kommune
Samferdselsdepartementet
Statens vegvesen Vegdirektoratet
Stord kommune